

---

## **Nordfjord skisenter AS - klage på avslag om spelemidler til anl.nr. 1443 0010 15, Harpefossen snøproduksjonsanlegg**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Klagen frå Nordfjord Skisenter A/S over hovudutvalet sitt vedtak i HK-sak 24/07 vert teken til følgje.
2. Det vert ytt eit tilskot på kr. 400 000 i 2007, med restløyving i 2008 under førsetnad av ny søknad, og at anlegget er prioritert frå Eid kommune.

### Prenta vedlegg:

1. Klage frå Nordfjord Skisenter A/S, datert 25.06.2007
2. Prioriteringsliste frå Eid kommune
3. Liste frå KRISS over innkomne søknader
4. Notat frå fylkesdirektøren til hovudutvalet for kultur
5. Brev frå Eid kommune, datert 07.06 og 18.06.2007

### Uprenta vedlegg:

1. Søknad om spelemidler til anl.nr. 1443 0010 15, snøproduksjon, Harpefossen skisenter
2. Sak 24/07 Spelemidler 2007. Fordeling av spelemidler til nærmiljøanlegg og ordinære idrettsanlegg.

## **Saksframstilling**

### **1. HANDSAMING AV KLAGESAKER.**

Kultur- og kyrkjedepartementet, Idrettsavdelinga, er klageinstans for vedtak som er gjort av fylkeskommunen i saker som gjeld tildeling av spelemidlar. Forvaltningslova gjev søkjarar som søker om tilskot rett til å klage over det vedtaket som er gjort av fylkeskommunen, jf. Forvaltningslova § 28 andre ledd.

Ei klage skal først handsamast av fylkeskommunen. Dersom fylkeskommunen ikkje finn grunnar som gjev klagaren medhald, vert saka sendt Kultur- og kyrkjedepartementet for endeleg avgjerd.

### **2. BAKGRUNN**

Ved søknadsrunda i år mottok fylkeskommunen 8 søknader til ordinære anlegg og 2 søknader til ordinære nærmiljøanlegg med slik prioritering frå Eid kommune:

#### Anlegg styrt av fylkesdelplanen:

1. 1443 0008 06, Eid idrettspark BA, kunstgrasbane
2. 1443 0008 06, Eid idrettspark BA, undervarme
3. 1443 0070 01, Stokkenes Golfpark, 9-hulls golfbane
4. 1443 0070 01, Stokkenes Golfpark, vatningsanlegg
5. 1443 0030 05, Norsk fjordhestsenter, ridehall

#### Ordinære anlegg styrt av kommunedelplan:

1. 1443 0010 15, Nordfjord skisenter A/S, snøproduksjon
2. 1443 0010 14, Nordfjord skisenter A/S, barneskiheis
3. 1443 0010 13, Nordfjord skisenter A/S, turløype/skiløype/familieløype

#### Nærmiljøanlegg:

1. 1443 0032 06, Haugen og Dalen bygdeutviklingslag, skateboardanlegg
2. 1443 0072 01, Eid kommune, skateboardanlegg

Ved tildeling i sak 24/07, vart følgjande anlegg tildelt midlar:

- |   |               |
|---|---------------|
| 1. 1443 0010 14, Nordfjord skisenter A/S, barneskiheis            | kr.           |
| 119.000,- restløyving i 2008.                                     | kr. 400.000,- |
| 2. 1443 0010 13, Nordfjord skisenter A/S, tur- ski – familieløype | kr. 128.000,- |
| 3. 1443 0032 06, Haugen og Dalen bygdeutv.lag, skateboardanlegg   | kr. 200.000,- |

### **3. TIDLEGARE HANDSAMING AV SØKNADEN OPP MOT PLANER/ RETNINGSLINER**

I Eid kommune si prioritering av anlegg for tilskot var anl.nr. 1443 0010 15, Nordfjord skisenter A/S, snøproduksjon, prioritert på førsteplass framfor tilskot til barneheis og familieløyper i tilknytning til eigar.

Anl.nr. 1443 0010 15, Nordfjord skisenter A/S, snøproduksjon var ikkje tilrådd og vart heller ikkje tildelt midlar ved fordeling av spelemidlar 2007, HK-sak 24/07.

Anl.nr. 1443 0010 14, Nordfjord skisenter A/S, barneskiheis som var prioritert som nr. 2 frå Eid kommune, og anl.nr. 1443 0010 13, Nordfjord Skisenter A/S, familieløyper som var tilrådd som nr 3 frå Eid kommune vart tilrådd løyving. I endeleg vedtak i hovudutvalet vart tilrådd løyving til barneskiheis omdisponert med kr 394 000 til anna anlegg annan stad i fylket.

Barneheisen fekk etter dette ei samla delløyving på kr. 119 000 (midlar til ordinære anlegg og inndregne midlar), noko som medfører ei sluttløyving i 2008 på kr. 400.000.

Tilrådd løyving på kr 128 000 til familieløyper vart vedteke.

Eid kommune påpeikte i brev og møte av 07.06 og 18.06.2007 manglar i saksframstillinga. Dette gjaldt i hovudsak brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 28.06.2006 til Nordfjord skisenter der departementet stadfestar at det kan søkjast om tilskot til nye snøproduksjonsanlegg sjølv om det tidlegare er gitt spelemidlar til slike anlegg i eit skianlegg. Kommunen påpeikte også at fylkeskommunen hadde fråvike den kommunale prioriteringa.

Brev frå Eid kommune og notat frå fylkesdirektøren vart lagd fram for hovudutvalet for kultur i møte 20.06.2007. Hovudutvalet såg på det tidspunkt ikkje grunn til å ta opp at saka til ny handsaming. Nordfjord skisenter og Eid kommune vart orientert om dette i brev datert 22.06.2007.

Fylkesdirektøren mottok ein formell klage på avslag om spelemidlar frå Nordfjord skisenter, datert 25.06.2007.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har pr. dato kr. 258.000 inndregne spelemidlar, og kr. 373.080,34 rentemidlar, totalt kr. 631.080,34 som kan nyttast i klagesaker. Dersom midlane ikkje vert nytta i klagesaker, kan fylkeskommunen bruke midlane til å gå vidare på prioriteringslista frå den ordinære tildelinga, eller til å gje tilskot til idrettsanlegg utanom søknadsfristen, til dømes ved tilleggsløyving ved mindre overskridingar. Opptente renter og inndregne midlar eitt år kan leggast til ordinær ramme og fordelast påfølgjande år.

Fylkeskommunen har som praksis å nytte desse midlane ved overskridingar, og ved å legge midlane til ramma ved ordinære tildelingar.

#### **4. VURDERING AV KLAGEN**

Rentemidlar og inndregne midlar skal etter forskriftene først og fremst nyttast til handsaming av klagesaker, der fylkeskommunen eller departementet gjev klagaren medhald. Jamfør "Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2006", kap. 6.2.5.

I brev av 28.06.2006 frå Kultur og Kyrkjedepartementet til Nordfjord skisenter stadfestar dei at det kan søkjast om tilskot til nye snøproduksjonsanlegg sjølv om det tidlegare er gitt spelemidlar til slike anlegg i eit skianlegg. Kopi skulle vere sendt fylkeskommunen. Denne var manglande under saksførvingane ved hovudfordelinga.

Det er også spørsmålet om søknadsrett som står sentralt i klaga frå Nordfjord skisenter AS, i tillegg til kommunal prioritering, og at anleggsobjekt med lægre prioritering har fått løyving.

Etter fylkesdirektøren si vurdering er det også dette som er det springande punktet i saka; omsynet til kommunal prioritering og søknadsretten for anlegget.

Når det gjeld søknadsretten er det klargjort at anlegget har søknadsrett. Søknadsrett betyr likevel ikkje at det vert gitt tilskot.

Når det gjeld kommunal prioritering er dette ei rettesnor for fylkeskommunen sitt arbeid med fordeling av spelemidlane til anlegg i fylket. I hovudsaka følgjer fylkeskommunen kommunale prioriteringar. Er det ikkje samsvar med kommunal og fylkeskommunal prioritering, vert dette grunngeve i saksframlegget ved hovudfordelinga. I hovudfordelinga vart avvik frå kommunal prioritering i denne samanheng grunngeve med manglande søknadsrett.

Nordfjord Skisenter A/S gjennomgår ei stor utbygging, og anlegget fungerer som eit regionalt anlegg for midtre/ytre Nordfjord og deler av Sunnmøre. Ut frå grunngevinga i hovudfordelinga som altså byggjer på feil premiss, og ut frå at andre søknadsobjekt ved anlegget som hadde lægre prioritet vart tilrådd/tildelt midlar, meiner fylkesdirektøren at det er grunnlag for å vurdere saka på nytt.

Ut frå dei berekingar som er gjort, kunne dette søknadsobjektet fått inntil kr. 619.000 i spelemidlar for 2007. Fylkeskommunen har inneståande kr. 631.080 i inndregne midlar/rentemidlar. Teknisk sett ville ein såleis kunne innfri søknaden fullt ut i 2007, noko som også ligg i retningslinene frå departementet. Då ville det ikkje vere disponible midlar att til t.d. tilleggsløyvingar ved mindre overskridingar, m.m. Ved ei delløyving i 2007 vil anlegget søkje på nytt og vere sikra restløyvinga i 2008.

Ut frå ei samla vurdering i saka er fylkesdirektøren kommen til at det vil vere rett å ta klagen til følgje, og gje ei delløyving til snøproduksjonsanlegg ved Nordfjord Skisenter A/S.

Sjølv om deling av tilskot på under kr. 700 000 ikkje er i tråd med retningslinene frå departementet, ser ikkje fylkesdirektøren det tilrådeleg å nytte heile attståande sum no, og meiner at i den aktuelle situasjonen må vere akseptabelt at løyvinga vert delt. Fylkesdirektøren rår såleis til at det vert løyvt kr. 400 000 til nemnde anlegg i 2007 (kr. 258 000 av inndregne midlar, og kr. 142.000 av rentemidlar) med restløyving i 2008 under føresetnad av søknad/prioritering frå Eid kommune.

Det vil då stå att kr. 231.080 til fordeling på evt anlegg med overskridingar, evt så vil summen bli lagt til og fordelt ved neste års ramme.

## **5. KONKLUSJON/TILRÅDING**

Fylkesdirektøren rår til at klagen frå Nordfjord Skisenter A/S over hovudutvalet sitt vedtak i HK-sak 24/07 vert teken til følgje. Det vert ytt eit tilskot på kr 400 000 i 2007, med restløyving i 2008 under førsetnad av ny søknad, og at anlegget er prioritering frå Eid kommune.

